

## Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 21.04.2016

### Innstilling til utval for opplæring og helse

1. Som hovedregel skal fag-/sveineprøve verte halden i perioden frå 2 månader før til 2 månader etter utløpet av læretida. Ved bestått fagprøve før utløp av læretida, skal læretida likevel vere utstått før lærlingen har rett på å få utferda fag-/sveinebrev.
2. I særskilte tilfelle kan lærlingar gå opp til fag-/sveineprøve tidlegare, og læretida må ikkje vere utstått. Følgjande vilkår må vere oppfylt før slik fag-/sveineprøve kan verte halden:
  1. 75% av læretida skal vere gjennomført, og pliktig teori etter læreplanen skal vere bestått
  2. Det må liggje føre ein særskild grunn, til dømes at lærlingen står utan læreplass grunna permittering, oppseiing, langvarig sjukdom eller andre særskilde grunnar
  3. Andre tiltak, som til dømes omplassering i anna verksemd eller Vg3 i skule, er vurdert
  4. Lærlingen skal så langt det er mogleg få intensiv førebuing i ein viss periode før avvikling av prøva
  5. Lærlingen må ha samtykt skriftleg på skjema utforma for dette formålet og vere gjort merksam på konsekvensane ved stryk 1. og 2. gong.
3. Ordninga med fleksibel avvikling av fag-/sveineprøver trer i kraft frå 1. mai 2016 og skal evaluerast innan 1. juni 2018.